

EKSAMENSOPPGÅVE

JUS1111 - Privatrekt I - Haust22

Dato: Mandag 19. desember 2022

Heimeeksamen (4 t.)

Tid: Kl. 08:45 - 13:30

Peder Ås eigde ei flott hytte i Trangvikdalen, der han var i feriar og ei rekkje helger med hunden sin Max, og av og til dei vaksne borna sine. Han var avhengig av bil for å koma til hytta, men den gamle bilen hans hadde byrja å skranke. Han tok difor kontakt med den faste bilforhandlaren sin, Hans Tastad i Lillevik Bil AS, for å høyre om høvet for innbyte. Tastad hadde akkurat fått inn ein ny elbilmodell, og han tilbød denne for 400.000 NOK, mot vanleg utsalspris 485.000 NOK. I tilbødet låg det ei «raus verdivurdering» av den gamle bilen til Ås, slik Tastad uttrykte det, og ein rabatt for god kunderelasjon.

Ås svara at han hadde vore i tvil om han skulle byte til elbil, men at dette tilbødet fekk han på andre tanker. Tastad tykte at Ås openbart måtte akseptere eit så godt tilbød, men sa at han kunne leggje til ein takboks og eit tilhengjarfeste, så kunne Ås ta bilen til hytta komande helg for verkeleg å få stadfesta kor god bilen var. Papira kunne dei underskrive når Ås kom attende frå hytta. Ås sa at han no «ikkje visste heilt det», men han ville gjerne ta bilen til hytta, og sette pris på å få med ein takboks og eit tilhengjarfeste. Tastad tok då initiativet til ein nærare prat på kontoret sitt, der han gjorde greie for detaljane i tilbødet, som òg omfatta planar om å setja den gamle bilen til Peder i stand for vidaresal, noko som gjorde det mogleg å gje ein så stor rabatt som han hadde gjeve. Han framheva òg den gode rekkjevidda denne elbilmodellen hadde. Ås svara at «dette høyrerest veldig bra ut», og han tok så elbilen med seg til hytta. Han let sin eigen bil bli ståande hjå Lillevik Bil AS, og gav Tastad bilnøklane.

På vegen opp til hytta tykte Ås at batteriet vart fortare tomt enn han hadde førestilt seg, og at bilen ikkje hadde den rekkevidda som Tastad hadde skrytt av. Han bestemte difor at han ikke ville kjøpe bilen, noko han sa til Tastad då han kom attende med bilen etter hytteturen. Tastad var på si side heilt klar på at det låg føre ei bindande avtale mellom Ås og Lillevik Bil AS. Ikkje berre hadde Ås akseptert tilbødet munnleg, men han hadde òg gjeve frå seg den gamle bilen sin, som Tastad no var i ferd med å gjera klar for sal. Ås nekta for at det var inngått ei bindande avtale.

Oppgåve 1: Drøft og ta stilling til rettsspørsmåla i tvisten mellom Ås og Lillevik Bil AS. For ordens skuld blir det her presisert at tilbakekall re integra og mangelsspørsmål ikkje skal drøftast. (Truleg tidsbruk 1,5 timar)

Etter nærare forhandlingar mellom partane, vart løysinga til slutt at Ås kjøpte ein annan bil av Lillevik Bil AS. Helga etter at han overtok den bilen, reiste han på nytt til hytta. Hunden Max låg bak i bilen. Han vart etter kvart tyrst og uroleg, og reiste seg opp. For å roe hunden, tok Ås av seg bilbeltet ein augneblink, slik at han kunne strekkje seg bakover og klappe Max. Rett etter

vart bilen råka av ein møtande bil som kom over i feil køyrefelt fordi sjåføren var ruspåverka og køyrde i ein fart langt over fartsgrensa.

Frontkollisjonen var kraftig, og Ås vart påført alvorlege brot- og nerveskadar som gjorde han varig lam frå livet og ned. Som følge av ulykka, makta han ikkje å halde fram med arbeidet sitt i Storvik Trelast, og han vart uføretrygda.

Ås kravde erstatning frå sjåføren av den andre bilen sitt forsikringselskap, Trafikkforsikraren, for inntektstap og pleie- og omsorgsutgifter. Partane var samde om at Ås ikkje hadde vorte skadd utan ulykka. Dei var òg samde om at han på grunn av tidlegare helseplager ville ha falle ut av arbeidet sitt på Storvik Trelast i løpet av dei fem neste åra. Derimot var partene usamde om det skulle takast omsyn til dette i erstatningsoppgjeret. Ås hevda at slike etterfølgjande omstende ikkje hadde noko å gjera med oppgjeret. Trafikkforsikraren hevda på si side at det ville medføre overkompensasjon om erstatninga for inntektstap og pleie- og omsorgsutgifter ikkje vart tidsavgrensa.

Trafikkforsikraren kravde vidare at erstatninga måtte avkortast med 50 prosent på grunn av den manglande bilbeltebruken til Ås. Ås motsette seg at det i det heile var grunnlag for avkorting, og han hevda subsidiært at avkortinga måtte setjast til ein lågare prosentsats enn 50.

*Oppgåve 2: Drøft og ta stilling til rettsspørsmåla i tvisten mellom Ås og Trafikkforsikraren.
(Truleg tidsbruk 2,5 timar)*